

Årsmelding 2006



Hemsedal Energi

www.hemsedal-energi.no




Innhold

ORGANISERING	3
- Organisasjonsplan	
- Medlemmer av styret	
- Styret sine oppgåver	
HISTORIKK	4
NOKRE HOVUDTAL HEMSEDAL ENERGI	4
DAGLEG LEIAR SINE KOMMENTATAR	5
STYRET SI BERETNING	6
REKNESKAPSOVERSYN	8
6 Resultatrekneskap	8
6.1 Hemsedal Energi - totalt	8
6.2 Hemsedal Energi - omsetning	9
6.3 Hemsedal Energi - ENØK	9
6.4 Hemsedal Energi – trafokioskprod., trading	10
6.5 Hemsedal Energi – nett	11
Balanse	12
Noter til rekneskap/balanse	14
Kontantstraumanalyse	17
Nøkkeltal	18
Revisor si melding	19
GRAFISKE OVERSYN	21
VEGEN VIDARE	22

Organisering

ORGANISASJONSPLAN



Dagleg leiar Arne Fredriksen

Styret har i 2006 hatt følgjande medlemmer (perioden 2003 – 2006):

Medlemmer:
Kjell Kristiansen
Ernst Tore Eggen
Signe Lise Hovig Jordheim
Ellen Møllerplass Mythe
Kari Guri Haugo

Posisjon i styret:
Leiar
Nestleiar i styret
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem

Varemedlemmer (personlege):
Anne Ulsaker Bækken
Jan Egil Halbjørhus
Arne Skolt
Eldbjørg Eikre
Ingen nye val er gjort

Revisor:

Revisor er Kommunerevisjon IKS (tidligare Hallingdal Revisjonsdistrikt)

Historikk

HEMSEDAL ENERGI - HISTORIE

1910	Elektrifisering i deler av sentrum etter utbygging av Trøimsåne og Ulsåkfossen.
1920	Aker kommune kjøpte opp mesteparten av fallrettane i Hemsilvassdraget
1936	Stifting av Hemsedal Kommunale Elektrisitetsforsyning
1937	Overføringsline frå Gol til Hemsedal vart bygga
1942 – 1952	Hjelmen, Lykkja, Grøndalen, Eikrevegen – alle vart kopla til overføringsnettet
1974	Svø sekundærstasjon vart bygga
1986	Holdemoen sekundærstasjon vart bygga
1992	Hemsedal Kommunale Elektrisitetsforsyning vart delt i Hemsedal Energi og Hemsedal Elektro – både kommunale særbedrifter og etter kvart kommunale føretak (KF)
2006	Langeset sekundærstasjon vart bygga

NOKRE HOVUDTAL – HEMSEDAL ENERGI

	2006	2005	2004	2003	1997
Fast tilsette pr. 31.12	10	11	14	16	14
Tal årsverk 31.12 (heimlar i parantes)	9,5 (11,5)	10,5 (11,5)	13,5 (14,5)	15,5 (15,5)	13,3 (13,5)
Overføring eks. tap (GWh)	82,3	81,2	79,2	75,4	66,8
Kraftomsetning sal (GWh)	76,6	73,8	72,8	68,6	62,7
Kundar pr. 31.12	3.266	3.222	3.128	3.048	2.684
av dette husholdning	802	859	849	862	830
av dette hytter/fritidsbustader	1.631	1.589	1.536	1.859	1.548
Nettstasjonar	306	304	303	302	278
Lågspent luftnett (km)	107	109	109	110	138
Lågspent kabel (km)	305	294	282	270	176
Høgspent luftnett (km)	135	137	137	137	138
Høgspent kabel (km)	75	69	68	65	45
Nettoinvesteringer (heile 1.000)	19.421	7.738	7.927	7.074	5.248
Avskrivninger (heile 1.000)	6.065	5.842	5.643	5.365	4.033
Driftsinntekter alle verksemder (heile 1.000)	38.188	31.409	32.857	34.450	20.474
Driftskostnader alle verksemder (heile 1.000)	33.739	27.386	27.464	29.163	19.727
Driftsresultat (heile 1.000)	4.450	4.023	5.393	5.286	747

Hemsedal Energi forvalter omlag 15 – 16 GWh med andelskraft og omlag 34 GWh med konsesjonskraft.

Dagleg leiar si bereiting

Hemsedal Energi kan sjå attende på eit veldig viktig år for Hemsedal-samfunnet. Bygginga av sekundærstasjonen på Langeset og avtala med ECO-Vannkraft AS kom etter dagleg leiar si vurdering i «grevens tid».

Samstundes som det har vore mange utfordringar med å forsøke å sikre sikker tilføring av kraft til Hemsedal har det vore stor usikkerhet m.o.t. kva for inntekter Hemsedal Energi kan rekne seg i framtida. NVE har i lang tid rekna på inntektsrammar, dvs. kor mykje inntekter overføringsverksemene kan hente frå nettkundane ettersom overføring av kraft er ei monopolverksemd. Hemsedal Energi har i dei seinaste åra meint at rammane har vore for små i høve til dei spesielle tilhøva i Hemsedal med mykje hytter, store avstander, ujamnt forbruksmønster m.v. Faktisk har Hemsedal Energi hatt høgare kostnader til drift enn det som vi har hatt lov til å ha som inntekter fra NVE. Dei nyaste rammane kan tyde på at vi har hatt rett i våre meininger ettersom dei i fyrste omgang blir betydeleg høgda.

Desse usikre momenta har også ført til at leiinga har vore forsiktige med å tilsette mannskap i tråd med dei heimlane vi har. I 2006 har vi vore 1,5 stillingar mindre enn tidlegare i påvente av avklaring på inntektsrammane.

Overføringsprisane til hushaldningskundane til Hemsedal Energi er marginalt høgare enn gjennomsnittet i Buskerud og landet for øvrig. Industri-kundane har noko større skilnad i Hemsedal Energi sin disfavør og det er meininga å redusere desse etter kvart. Det er også meininga å redusere fastavgifta til alle, noko som kan gi ein meir rettferdig tariff.

Overskotet på overføringsverksemada er på om lag 3,4 mill. kr. Av dette er om lag 2,1 mill. kr. meirinntekt som skal avrekna mot framtidig inntektsramme. For kundane vil dette berre bety at overføringsprisane ikkje vil bli vesentleg høgare i dei nærmaste åra – trass i at Hemsedal Energi har investert mykje dei seinaste åra for å redusere risikoien for store uhell på overføringsnettet vårt.

Kraftsalet viser eit overskot på nær 3,2 mill. kr. for 2006 . Det såg urovekkande ut på våren, men vi fikk redusert risikoien ved å auke prisnivået på kraft frå mai månad. Risikoien ligg hovudsakleg i kva for forbruk industrien nytter og kva spot-prisen på kraft er. Dersom industrien nytter mykje kraft og spotprisen er høg, blir kostnadene til kraftkjøp mykje større enn tilsvarande inntekter ettersom vi forsøker å halde ein fast pris til kunden. Dette var tilfellet heile 2006 fram til seint på hausten. Då snudde marknaden.

Hemsedal Energi har i 2006 nær sluttført arbeidet med Langeset sekundærstasjon. Me vart ikke ferdig med overføringslinja mellom Langeset og Ålrust, den blir vonaleg ferdig i 2007. Sekundærstasjonen, overføringslinja og utbetringane i Hemsil 1 vil Hemsedals-samfunnet truleg få glede av i svært mange år. Hemsedal Energi har for 2006 fått innvilga auke i inntektsramma som følgje av avtale med ECO Vannkraft AS.

I tillegg er Hemsedal Energi med i arbeidet for å betre data-sambandet med det øvrige Hallingdal og den øvrige "cyber-space". Det er gjort store investeringar i arbeidet med å bygge fiberkabel mellom Hemsedal og Gol. Arbeidet er gjort i samarbeid med Hallingdal Kraftnett AS. For 2007 er det meininga å fullføre dette arbeidet.

Hemsedal Energi har i 2006 oppdatert HMS-planane sine. Dette, saman med auka merksemd på arbeidsmiljøet, håper vi skal skape gode føre-setnader for trivsel og effektivitet.


Arne Fredriksen
Dagleg leiar
april 2007

Styret si beretning

Hemsedal Energi KF sine vedtekter:

Hemsedal Energi skal levere kraft og overføringstenester til gunstig pris for forbrukarane i Hemsedal kommune, og slik at overføringsnettet til ein kvar tid har ein kvalitet som sikrar så sikker tilføring av kraft som mogeleg til alle forbrukarane. Foretaket kan etter styrets vedtak drive annan verksemd som er naturleg knytta til kraftomsetning eller overføring av kraft.

Hemsedal Energi KF driv si verksemd frå eige administrasjonsbygg i sentrum av Hemsedal.

ÅRET 2006:

Styret sin aktivitet:

Styret i Hemsedal Energi har hatt 4 styremøter og har handsama 27 saker. Det har også vore forhandlingsmøter mellom forhandlingsutvalet og dei organiserte. Styreleiar deltek på desse.

Fordelingsnettet:

Hemsedal Energi hadde eit sal av overføringstenester på om lag 82,3 GWh som er ei auke på om lag 3 % frå året før. Dette svarar til den gjennomsnittlege årlege auken i salet dei siste 10 åra.

Arbeidet med å skifte ut en del av linjeledningsnettet med kabelnett fortsetter.

I 2006 vart den nye sekundærstasjonen på Langeset sett i drift etter eit godt samarbeid med hovudleverandørane Veidekke og Areva. Dette investeringsløftet saman med endringane i Hemsil 1 gjer Hemsedal mindre utsett for uhell på 66 kV-lina. Fortsatt står det att ein del investeringar for å sikre ein viss grad av ringforbindelse, men Hemsedal kommune har betra forsyningssikkerheita betydeleg.

Kompenasjon for ikkje levert energi – KILE:

Når Hemsedal Energi får avbrot, må det reknast ut kor mykje energi kundane ikkje har fått levert i dette tidsrommet. Dette gjerast om til eit pengebeløp som NVE "trekker" frå inntektsrammane. Eit større tordenver over austlandet kan føre med seg at Hemsedal Energi får vesentleg mindre inntektsrammar, enda slike uhell ikkje kan seiast å vere Energiverket sin feil. Men SLIK er reglane. I 2006 hadde Hemsedal Energi KILE-kostnader på 2,5 mill. kr., det høgaste nokon sinne. Dette skuldas i hovudsak eit par uhell i haust. Normalt har Hemsedal Energi hatt KILE-kostnader på om lag 0,5 mill. kr.

Kraftomsetnad:

Det er i 2006 solgt kraft for 76,6 GWh. Fordelinga av kundetyper har endra seg veldig sidan 2004, då ein del kundar som tidlegare vart definert som hytter og fritidsbustader plutsleig endra status til næring. Dette hadde samanheng med at staten endra forbruksavgiften (el-avgiften) og definerte mange fleire av våre kundar som næring. Det var ikkje mogeleg for Hemsedal Energi å sjå anngleis på denne definisjonen. Resultatet vart at salet av kraft til våre prioriterte kundar auka svært mykje, at det totale salet til våre prioriterte kundar var mykje høgare enn tilgangen av "rimeleg" kraft og at ein utsette seg for mykje risiko for tap.

Vinteren og våren 2006 tapte Hemsedal Energi mykje pengar på dei siste kundane og det marginale forbruket. For å justere dette vart prisane auka frå midten av mai for alle kundegruppene. Dette retta mykje av resultatet for 2006, enda sommaren og hausten begynte med tilsvarende situasjon.

ENØK:

Alle nett-eigarar må kreve inn ei avgift ved hjelp av eit påslag på nett-tariffen. Dette påslaget er på 1,0 øre/kWh. Pengane vert nytta til eit energifond i regi av det statlege selskapet Enova. I tillegg er Hemsedal Energi KF medeigar av Norsk Enøk og Energi AS som driv med rådgjeving og sal av kompetanse innan ENØK.

Fibernett:

Hemsedal Energi – i samarbeid med Hallingdal Kraftnett AS – har tatt på seg ansvaret å strekke fiber mellom Gol og Hemsedal. Eigerskapet delast av dei to selskapa.

DLE, Det Lokale Eltilsyn:

Hemsedal Energi må – i likhet med andre nettselskap – utarbeide ein eigen tilsynsplan. Denne må godkjennast av DSB, Direktoratet for Samfunnssikkerhet og Beredskap.

HMS:

HMS-permen er revidert i 2006. Det er satt i verk tiltak for å kartlegge arbeidsmiljøet ved Hemsedal Energi. Dette blir gjort i samarbeid med Bedriftshelsenesten. System for medarbeidersamtaler er vedteke og ein del viktige element for rapportering og oppfølging av avvik er nå på plass.

Nøkkelta – HMS:

Sjukefråveret er ikkje automatisk nokon indikator for arbeidsmiljøet. Samstundes er det ofte sjukefråveret som trekkast fram.

Sjukefråver	2006	2005
Eigenmelding	0,6%	0,8 %
Sjukmelding	1,6 %	0,5 %
Totalt	2,2 %	1,3 %

Ut frå tabellen kan ein uttrykke at sjukefråveret er særslig lågt.

Ytre miljø:

Hemsedal Energi KF ynskjer å finne løysingar som tek omsyn til miljøet. Ein vil freiste å finne den optimale løysinga mellom økonomi og miljø.

Likestilling:

Det er sterkt overrepresentasjon av menn blant dei tilsette. Dette er ikkje ei bevisst haldning, men har sin årsak i at montøryrket er lite attraktivt blant kvinner.

I styret er det 60% kvinner. Leiar og nestleiar er menn.

Fortsatt drift:

Styret vurderer føresetnadene for fortsatt drift som positive. Dersom inntektsrammane blir nokonlunde som skissert, vil dette styrke denne påstanden.

Styret vil legge vekt på dei synergiene ein ser av å ha eit samla selskap for omsetnad av både kraft og overføring.

Det økonomiske resultatet og disponering av overskot:


Det er i 2006 overført kr. 1,2 mill. kr. til Hemsedal kommune, i tillegg til at Hemsedal kommune kjøper kraft til sjølvkostpris for andelskraften.

Styret meinar at den framlagte resultatrekneskapen og balanse med noter gjev rett informasjon om drifta i 2006 og selskapet si økonomiske stilling ved årsskiftet.

Så langt styret kjänner til har det ikkje komme fram forhold etter avslutning av rekneskapen som har betydning for bedømminga av rekneskapen.

Styret vil takke dei tilsette for innsatsen i 2006!

Hemsedal, 27. april 2007

 
Kjell Kristiansen Ernst Tore Eggen
(Leiar) (Nestleiar)


Ellen Møllerplass Mythe

 
Signe-Lise Hovig Jordheim Kari-Guri Haugo
(Tilsettens representant)


Arne Fredriksen
(Dagleg leiar)

Rekneskapsoversyn

6 RESULTATREKNESKAP

6.1 RESULTATREGNSKAP - HEMSEDAL ENERGI – OMSETNING, NETT, TRAFO, ENØK

(alle tal i heile 1.000 kr.)	Note:	2006	B 2006	2005
Salsinntekter		-39.128	-34.800	-33.021
Tilbakeført meravkastning - overføring		0	0	0
Aktivering – investeringar	3	-19.421	-31.305	-7.738
Anleggstilskot	3	-3.432	-610	-3.129
Andre salsinntekter		-1.139	-1.392	-2.188
Meravkastning		2.079	0	3.800
Sum inntekter		-61.041	-68.107	-42.270
Kjøpskostnader		19.582	17.760	11.808
Løns- og personalkostnader	2	5.409	6.531	5.846
Ordinære avskrivningar	3	6.065	6.372	5.842
Andre driftskostnader		25.460	34.175	14.721
Tap på fordringar		75	20	30
Driftskostnader		56.591	63.858	38.247
Driftsresultat	1	-4.450	-4.249	-4.023
Renteinntekter		-923	-250	-431
Agiovinning og andre finansinnt.		-70	-50	-116
Rentekostnader		390	455	5
Agiotap og andre finanskostn.		9	10	11
Finansresultat		-594	165	-531
Resultat før skatter		5.044	-4.084	-4.554
Skatter - endring utsatt skatt	4	185	0	114
Betalbar skatt	4	-385	0	84
Ekstraord. kostnader/inntekter				
Overføring til Hemsedal kommune		1.200	0	1.200
Årsoverskudd		-4.044	-4.084	-3.156
Til disposisjon - avsatt anna fri eigenkapital		4.044		3.156

Rekneskapen syner totale inntekter og totale kostnader for Hemsedal Energi. I tillegg blir nettverksemda vist med eige resultat og omsetningsdelen blir synt med sine resultat – sjå punkta 4.1.2 - 4.1.5.

Årsaken til dette er at nettverksemda er underlagt monopol-kontroll frå NVE. Monopol-kontrollen frå rekneskapsåret går ut på at nettverksemda skal ha inntekter under ei gitt inntektsramme – bestemt av NVE. Vi har vore nøydt til å redusere inntektene frå nettverksemda med kr. 2.079.000 for å komme under kravet om maks-inntekter frå NVE. Dette skal kundane ha attendebetalt i form av lågare overføringspris – eit lite dilemma med omsyn til dei store investeringene vi har satt i verk.

Total-rekneskapen er interessant for utrekning av skattbart overskot. I tillegg er budsjettet for 2006 synt for heile verksemda.

6.2 RESULTATREGNSKAP - HEMSEDAL ENERGI – OMSETNING KRAFT:

(alle tal i heile 1.000 kr.)	Note	2006	2005
Salsinntekter		-21.146	-15.680
Aktivering - investeringar	3	-163	-470
Andre salsinntekter		-31	-28
Sum inntekter		-21.340	-16.178
Kjøpskostnader		17.244	11.258
Løns- og personalkostnader	2	325	353
Ordinære avskrivningar	3	198	171
Andre driftskostnader		395	590
Tap på fordringar		22	9
Driftskostnader		18.185	12.381
Driftsresultat	1	-3.155	-3.797
Renteinntekter		-93	-43
Agiovinning og andre finansinnt.		-7	-12
Rentekostnader		39	1
Agiotap og andre finanskostn.		1	1
Finansresultat		-59	-53
Resultat før skatter		-3.214	-3.850

Rekneskapen syner inntekter og kostnader for den konkurranseutsette delen av Hemsedal Energi, dvs. omsetning av kraft. Kostnader til administrasjon som gjeld både omsetningsdelen og nett-verksemda blir fordelt etter ein fordelingsnøkkel. Det er i oversikten ikkje teke med skattekostnad - sidan dette blir rekna for heile verksemda samla.

6.3 RESULTATREGNSKAP - HEMSEDAL ENERGI – ENØK:

(alle tal i heile 1.000 kr.)	Note	2006	2005
Andre salsinntekter		0	0
Aktivering investeringar		0	0
Sum inntekter		0	0
Løns- og personalkostnader	2	0	0
Ordinære avskrivningar	3	0	0
Andre driftskostnader		0	10
Tap på fordringar		0	0
Driftskostnader		0	10
Driftsresultat	1	0	10
Renteinntekter		0	0
Agiovinning og andre finansinnt.		0	0
Rentekostnader		0	0
Agiotap og andre finanskostn.		0	0
Finansresultat		0	0
Andre ekstraord. kostnader		0	0
Resultat før skatter		0	10

Rekneskapen syner inntekter og kostnader for ENØK. Frå 2002 vart reglane for ENØK gjort om, og heile beløpet som vart krevd inn av kundane vart overført til eit statleg selskap – ENOVA.

Hemsedal Energi har valt å fortsette ordninga med ENØK-tilskot for å stimulere til auka bruk av alternativ energi. Det har vore liten søknad etter tilskot i 2005 og ordninga er fjerna med verknad frå 2006. Også denne tabellen kan fjernast, sidan vi ikkje har nokon direkte oppfølgingsansvar for ENØK lenger. Den blir teke med for 2006, sidan det er tal for fjaråret.

6.4 RESULTATREGNSKAP - HEMSEDAL ENERGI – ØVRIG (FIBER/TRAFO/TRADING):

(alle tal i heile 1.000 kr.)	Note	2006	2005
Aktivering investeringar		-2.102	0
Andre salsinntekter		0	-442
Sum inntekter		-2.102	-442
Beholdningsendring ferdige varer		0	159
Løns- og personalkostnader	2	366	82
Ordinære avskrivningar	3	0	5
Andre driftskostnader		1.736	331
Tap på fordringar		0	0
Driftskostnader		2.102	577
Driftsresultat	1	0	135
Renteinntekter		0	0
Agiovinning og andre finansinnt.		0	0
Rentekostnader		0	0
Agiotap og andre finanskostn.		0	0
Finansresultat		0	0
Andre ekstraord. kostnader		0	0
Resultat før skatter		0	135

Rekneskapen syner inntekter og kostnader for trafokioskproduksjonen, investering i fiberkabler og anna næringsverksemde.

Produksjonen av transformatorkioskar vart avvikla i 2004, men ein har fortsatt verdier i varelageret.

Varelagerverdier (både matriallager og ferdigvarelager) for dei tre siste rekneskapsåra syner slike verdier (heile 1.000):

	2006	2005	2004
Varelager	42	42	339
Ferdigvarer	0	0	159
Totalt	42	42	498

6.5 RESULTATREGNSKAP - HEMSEDAL ENERGI – NETT:

(alle tal i heile 1.000 kr.)	Note:	2006	2005
Salsinntekter - overføring	5	-17.982	-17.341
Mindreinntekt		0	0
Merinntekt/renter merinnt.		2.079	3.800
Attendeført mindreinntekt		0	0
Aktivering 3		-17.156	-7.268
Anleggstilskot	3	-3.432	-3.123
Andre salsinntekter		-1.108	-1.718
Sum inntekter		-37.599	-25.650
Kjøp av overføringstenester		2.337	391
Løns- og personalkostnader	2	4.718	5.411
Andre driftskostnader		23.330	13.790
Tap på fordringar		52	21
Ordinære avskrivningar	3	5.864	5.666
Driftskostnader		36.301	25.279
Driftsresultat	1	-1.298	-371
Renteinntekter		-831	-388
Agiovinning og andre finansinnt.		-63	-105
Rentekostnader		8	5
Agiotap og andre finanskostn.		351	10
Finansresultat		-534	-478
Ekstraord. kostnader/inntekter		0	0
Resultat før skatter		-1.832	-849

Rekneskapen syner inntekter og kostnader for monopoldelen av Hemsedal Energi, dvs. overføring av kraft til forbrukarane. Utrekning er gjort for både regional- og distribusjonsnett samla. Kostnader til administrasjon som gjeld både omsetningsdelen og nett-verksemda blir fordelt etter ein fordelings-nøkkel.

Som ein kan sjå av tabellen er dei ordinære overføringsinntektene auka marginalt i 2006 i høve til 2005.

Eksakt kva for inntektsramme Hemsedal Energi har, er usikkert. Vi har tatt høgde for at kostnadene ved Hemsl 1 ikkje vert dekkta fullt ut.

Hemsedal Energi har fått tilslagn om at kostnader til ECO Vannkraft AS vil bli dekkta utanfor inntektsrammesystemet, men dette er vanskeleg å sjå nokon stad.

Uansett blir verknadene marginale, ettersom NVE i sine nye utrekningars av inntektsramma har endra desse kraftig. På ein måte ei erkjenning av at dei tidlegare rammene var feil og for låge.

Balanse

BALANSE – HEMSEDAL ENERGI:

EIENDELER:	Note:	2006	2005
ANLEGGSMIDLAR:			
Immatrielle eiendeler			
Utsatt skattefordel		585.378	770.495
SUM immatrielle eiendeler		585.378	770.495
Varige driftsmidler			
Aktiverte utviklingskostnader		0	0
Måleutstyr		7.460.048	7.535.562
Maskiner, inventar og transportmidler		1.624.463	1.656.948
Fordelingsnett		90.242.360	78.687.723
Bygninger		6.495.286	6.688.537
Breibånd		2.102.140	0
SUM varige driftsmidler	3	107.924.297	94.568.770
Finansielle anleggsmidler			
Aksjer		413.300	413.300
Utlån		270.000	270.000
Utlån - egne arb.takere		8.127	8.147
SUM finansielle anleggsmidler		691.427	691.447
SUM ANLEGGSMIDLAR		109.201.101	96.030.712
OMLØPSMIDLAR:			
Varelager			
Lagerbeholdning	6	4.252.829	2.978.712
SUM varelager		4.252.829	2.978.712
Fordringer			
Kundefordringer	8	10.436.612	11.037.809
SUM fordringer		10.436.612	11.037.809
Bankinnskudd, kontanter			
Betalingsmidler	7	24.908.017	33.599.316
SUM bankinnskudd, kontanter		24.908.017	33.599.316
SUM OMLØPSMIDLAR		39.597.457	47.615.837
SUM EIENDELER		148.798.559	143.646.549

forts. BALANSE – HEMSEDAL ENERGI:

GJELD OG EIGENKAPITAL:	Note	2006	2005
EIGENKAPITAL:			
Eigenkapital			
Innskutt eigenkapital		81.309.167	81.309.167
Oppspart eigenkapital		35.971.854	32.816.296
Årets overskudd		4.043.816	3.155.558
SUM eigenkapital		121.324.836	117.281.021
SUM EIGENKAPITAL:		121.324.836	117.281.021
GJELD:			
Anna langsiktig gjeld			
Langsiktig gjeld		14.437.500	15.000.000
Sum anna langsiktig gjeld		14.437.500	15.000.000
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		8.243.295	7.236.448
Andre off. avgifter m.v.		4.941.001	3.873.238
Anna kortsiktig gjeld		522.970	571.410
Skyldig betalbar skatt	4	-701.044	-315.568
SUM kortsiktig gjeld		13.036.222	11.365.528
SUM GJELD:		27.473.722	26.365.528
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		148.798.559	143.646.549

Balanse syner stor auke i varige driftsmidler. Dette har sjølvagt samanheng med investeringane som er gjort i Langeset trafostasjon.

Størstedelen av beløpet er betalt ved å nytte av lånemidlane som vart teke opp i 2005. Bankinnskotet i 2005 var kunstig høgt.

NOTE 4 – SKATTEKOSTNAD:

Årets skattekostnad blir rekna ut slik:

	2006	2005
Ordinært resultat før skatt	5.043.457	4.553.980
Permanente forskjeller	-5.759.064	-3.845.251
Endring midlertidige forskjeller	-661.133	-407.060
- Skattemessig underskot til framføring	1.376.740	0
Grunnlag betalbar skatt	0	301.669
Berekna betalbar skatt på årets resultat	-385.476	84.448
Endring utsatt skatt	185.117	113.977
Skattekostnad	-200.359	198.425

NOTE 5 – MINDREINNTEKT:

	2006
Faktisk inntekt	17.982.317
Overliggende nett	2.337.388
Justert faktisk inntekt	15.644.929
Tillatt inntektsramme	13.667.929
Beregnet merinntekt	1.977.000
Renter – mindreinntekt	102.000
IB – mindreinntekt	3.615.000
UB – merinntekt	5.694.000

Til utrekninga må ein legge til at desse berekningane er høgst usikre. Uansett vil det vere mogeleg å justere desse tala ettersom dei nye inntektsrammene er såpass mykje høgare enn tidlegare. For kundene blir det ingen forskjell, slik styret i Hemsedal Energi KF har tenkt.

NOTE 6 – VARELAGER:

	2006	2005
Råvarer/overføringslager	4.210.845,56	2.936.729,03
Råvarer – trafolager	41.983,00	41.983,00
Ferdigvarer	0,00	0,00
SUM	4.252.828,56	2.538.712,03

NOTE 7 – BUNDNE MIDLAR:

I posten inngår bundne bankinnskot som gjelder skattetrekksmidlar på kr. 267.484.

NOTE 8 – KUNDEFORDRINGAR:

Kundefordringar er vurdert til pålydande utan avsetning for påreknelege tap.

Kontantstraumanalyse

(heile selskapet):

Likvider tilført/nytta på verksemda (i heile 1.000)

Likvider tilført fra drift:	2006	2005
Resultat før årsoppgjersdisposisjonar	3.843	3.156
- Gevinst ved sal av anleggsmiddel	0	0
- Nedskriving	0	0
- Nedskriving i samband med sal	0	0
+ Ordinære avskrivinger - anleggsmiddel	6.065	5.842
= Tilført fra drifta:	9.908	8.998

Endring varelager	-1.274	841
Endring debitorar	601	1.363
Endring leverandørgjeld	1.006	3.314
Endring tidsavgrensa poster (OM)	0	0
Endring tidsavgrensa poster (KG)	1.049	-936
A = Netto likviditetsendring fra verksemda	1.382	4.582

Likvider nytta til investeringar:

Investeringar i varige driftsmiddel	-22.853	-10.861
Anleggstilskot	3.432	3.123
+ Salssum	0	0
+ Sal aksjer	0	0
Endring andre langsiktige fordringar	0	0
B = Netto likviditetsendring fra investeringar	-19.421	-7.738

Likvider tilført fra finansiering:

Oppnak av ny gjeld	0	15.000
Avdrag på gjeld	-563	0
Utlån	0	0
Attendebetaling av utlån	0	0
C = Netto likviditetsendring fra finansiering:	-563	15.000

Samanhenger:

Likviditetsbeholdning pr. 1/1-06 (05)	33.599	12.757
+ Endring likv.beholdning i året (A + B + C)	-8.691	20.842
- Avvik som følgje av korrig. Meravkastning		
= Likviditetsbeholdning pr. 31/12-05 (04)	24.908	33.599

Nøkkeltal – rekneskapsmessig

(heile selskapet):

		2006	2005
Lønnsomhet/rentabilitet			
Resultatgrad	<u>Driftsresultat</u>	11,7 %	12,8 %
	Driftsinntekter		
Finansiering			
Anleggsmidler / finansiering	<u>Anleggsmidler</u>	90,0 %	81,9 %
	Egenkapital		
Soliditet			
Egenkapital	<u>Egenkapital</u>	81,5 %	81,6 %
	Totalkapital		
Likviditet			
Likviditetsgrad I	<u>Omløpsmidler</u>	3,0	4,2
	Kortsiktig gjeld		
Likviditetsgrad II	<u>Mest likvide omløpsmidler</u>	1,9	3,0
	Kortsiktig gjeld		

Nøkkeltalet fortel oss at Hemsedal Energi har rimeleg god styring på verksemda. Resultatgrad er bra, særlig når ein tek i betrakting at ein ikkje har maksimalt overskot som føremål. Tala er litt for gode når det gjeld likviditet i og med at det vart teke opp eit lån på slutten av 2005.



Revisor si melding

Kommunerevisjon IKS
Kommunal kunnskap
Kundens behov

Postadr: Gamlevegen 4, 3550 GOL
Telefon: 32029000
Orgnr: 976634934 MVA
Bank: 23241517586
Besøksadr: Sentrumsvegen 93, 3550 GOL

Kommunestyret i Hemsedal
3560 Hemsedal.


REVISJONSBERETNING FOR 2006

Vi har revidert årsregnskapet for Hemsedal Energi KF for regnskapsåret 2006, som viser et overskudd kr 5.043.456. Vi har også revidert opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet, og forslaget til anvendelse av overskuddet. Års-regnskapet består av resultatregnskap, balanse, kontantstrømoppstilling, noteopplysninger og pliktige budsjettopplysnings. Regnskaps-lovens regler, tilleggsbestemmelser i kommuneloven med tilhørende regnskapsbestemmelser i forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og regnskapsloven med tilhørende regnskapsbestemmelser i forskrift om årsregnskap i Norge, er anvendt ved årsberetning for kommunale og fylkeskommunale foretak og god regnskapsskikk i Norge, er anvendt ved utarbeidelsen av regnskapet. Årsregnskapet og årsberetningen er avgitt av foretakets styre og daglig leder. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold i henhold til kommuneloven og forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv.

Vi har utført revisjonen i samsvar med kommuneloven, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder revisjonsstandarden vedtatt av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandarden krever at vi utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper og vesentlige regnskapsestimer, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I den grad det følger av god communal revisjonsskikk, omfatter revisjon også en gjennomgåelse av foretakets formuesforvaltning og regnskaps- og intern kontroll-systemer. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Vi mener at

- årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettvisende bilde av foretakets økonomiske stilling 31. desember 2006 og for resultatet og kontantstrømmene (og endringene i egenkapitalen) i regnskapsåret i overensstemmelse med god regnskapsskikk i Norge
- de disposisjoner som ligger til grunn for regnskapet er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpene i årsregnskapet stemmer med regulert budsjett
- ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i samsvar med god bokføringskikk i Norge
- opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet er konsistente med årsregnskapet og forslaget til anvendelse av regnskapsmessig overskudd - og i samsvar med lov og forskrifter.

Gö, 30. april 2007

Alf E. Petersen

Kopi: Kontrollutvalget
Styret for Hemsedal energi KF
Daglig leder

Et selskap eiet av Hallingdalskommunen!
Vi tilbyr revisjon, rådgiving og spesielle undersøkelser til kommuner og selskaper organisert etter kommuneloven, lov om interkommunale selskap, stiftelsesloven og lov om vergemål.
www.kommunerevisjoniks.no




Grafiske oversyn


EFFEKT har vore Hemsedal Energi sin akhilleshæl når det gjelder strømforsyning.

Kurven som vist til høyre har vore vist i tidlegare årsmeldinger og ser etter forholda jevn ut. Det er store variasjonar mellom årstidene og også mellom dei einskilde åra.

Ved investeringane i Langeset, samt samarbeide med ECO-Vannkraft har vi redusert risikoen for rasjonering i dei mest kritiske periodane.



FORBRUKET i 2006 viser enda tydelegare den endringa som er gjort mellom fritidsbustader og industri. Årsaken er som tidlegare nemnd at einskilde kundar organiserer seg annleis i samsvar med statlege reglar om kva som er næring og underlagt andre prisar for forbruksavgift.



Vi registrerer at kraft til hushaldning er fortsatt stabilt, men med ein reduksjon kvart år.


OVERFØRING AV STRAUM

HEMSEDAL:

Som diagrammet syner har det vore ei særstak utvikling i forbruket av elektrisk kraft i Hemsedal dei siste 40 åra. Sjølv om ikkje forbruket forteller alt, så er det ein grei indikator på utviklinga i Hemsedalsamfunnet

Dei same indikatorane er truleg oveførbar til andre deler av kommunal infratuktur.

Forbruk overføring - 1966 - 2006



Sekundærstasjonen på Svø vart bygga i 1974, Holdemoen vart bygga i 1986 og Langeset i 2006.

Vegen vidare

KONSERVEN - FLYTTING

Styret har i 2006 beslutta å flytte uteavdelinga til Konserven, og samle lagerfunksjonane på Konserven. På sikt er det ynskjeleg å flytte heile verksemda til same stad. Det er sett av budsjettmidlar til å gjere arbeidet, i fyrste omgang ei rammeløyving.

Denne flyttinga vil ha føre til ein del organisatoriske utfordringar på kort sikt. På lengre sikt vil det føre til andre utfordringar, t.d. vil det samarbeidet Hemsedal Energi KF har med Hemsedal Elektro KF bli vanskeleg å fortsette.

FIBERKABLAR

I 2006 har Hemsedal Energi KF i samarbeid med Hallingdal Kraftnett AS strukke fiberkabel mellom Gol og Hemsedal. Dette arbeidet vil fortsette i 2007, men då også som eit samarbeid med Statnett SF og ECO Vannkraft AS.

Det blir eit mål å få kundar til å nytte denne fiberkabelen for å få inntening på investeringa.

INFORMASJON

Styret har bedt om betre informasjon til kundane. Dette førte til utsending av informasjonskalender på slutten av 2006. Arbeidet med informasjon vil fortsette, og det vil i 2007 bli utarbeida nettsider for Hemsedal Energi.

RAMMAR FOR VERKSEMDA

Hemsedal Energi KF har dei seinaste åra fått stadig lågare inntektsrammar frå NVE (Norges vassdrags- og energidirektorat). Dette gjeld monopolverksemda (overføringsverksemda). Administrasjonen fekk i 2006 justert rammane noko, men viktigast er det at NVE med dei nye inntektsrammene frå og med 2007 tydelegvis har innsett at rammane har vore for låge.

Dei nye rammane gir høve til å ta inn att det som pr. 2006 er ført som meirinntekt, utan å gjøre endringar i prisane.

PRIS-STRUKTUR - OVERFØRING

Hemsedal Energi KF endra pris-struktur for overføringsprisane med verknad frå 2007. Det vart lågare fastavgift og høgare forbruksavgift. Konsekvensane for kundar og energiverket vil bli vurdert og ytterlegare endringar kan bli aktuelt.

22

66 KV-LINE I SKIHEISOMRÅDET

Arbeidet med å få vekk 66 kV-lina i skiheisområdet fortsetter. Dette er eit samarbeid mellom skiheisen og ECO-Vannkraft AS. Hemsedal Energi har ytra ynskje om at området bør sjåast på i si heilhet, der kan hende flytting av Holdemoen sekundærstasjon ut av området hadde vore det mest framtidsretta. Hemsedal Energi KF kan leve med Holdemoen slik den er no i lang tid, men plasseringa virker å vere forstyrrende for dei andre aktørane.

Mine notat

23



Hemsedal Energi

Trøim, 3560 Hemsedal
Tlf. 31 40 88 88 - Fax 32 06 04 07
E-post: post@hemsedal-energi.no - www.hemsedal-energi.no